

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.11.2014

Handsaming i møtet

F48 Tyssetunnelen (Samnanger)

Kontrollutvalet har merka seg at det er venta stort meirforbruk i 2014 når det gjeld Fv48 Tyssetunnelen. På bakgrunn av dette ber utvalet om at fylkesrådmannen kjem i neste møte for å orientere om årsakene til overskridingane og kvifor dette ikkje er vorte rapport politisk på eit tidlegare tidspunkt.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i neste møte for å orientere om årsakene til overskridingane på Fv48 Tyssetunnelen og kvifor dette ikkje er vorte rapport politisk på eit tidlegare tidspunkt.

Sikkerhet og opplæring for vognførarar i Bybanen

I den siste tida her det komme fram i media påstandar om dårleg sikkerhet og opplæring for vognførarar på Bybanen. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet direktør i Bybanen AS, Paul M. Nilsen, om å komme i møte 15.12.14 for å orientere om status i denne saka.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet ber direktør i Bybanen AS, Paul M. Nilsen, om å komme i møte 15.12.14 for å orientere om status når det gjeld påstandane i media om dårleg sikkerhet og opplæring for vognførarar på Bybanen.

Felles samlingar med kontrollutval i den andre vestlandsfylka

Kontrollutvalet var samde om at det ikkje er ønskjeleg å gjennomføre fleire felles samlingar med kontrollutvala i dei andre vestlandsfylka i denne valperioden, men at slikt samarbeid er tiltalende for neste valperiode.

Kurs i samfunnsansvar og antikorrupsjon

Kontrollutvalet deltok etter møtet på eit 2-timars kurs i «Samfunnsansvar og antikorrupsjon» i regi av Deloitte. Leiargruppa i fylkeskommunen og andre frå fylkesadministrasjonen deltok på same kurset.